



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Saksnr
04/432-43

Løpenr
17573/07

Arkivkode
F00

Avd/Sek/Saksh
SEN/SEN/SH

Dykkar ref

BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE (BRA) - RETTIGHETSFESTING HØYRING

Seniorrådet behandla saka i møte 27.08.07 – sak 12/07 og kom med fylgjande
samrøystes VEDTAK:

Seniorrådet i Klepp er einige i intensjonen i lovforslaget, og har ikkje merknader i den forbindelse. Forslaget vil bidra til å utjamne dei store kommunale skilnadene. Men vi har vanskeleg for å tru at lova kan gjennomførast utan auka utgifter. Rasjonalisering og "andre måter å gjera ting på" kan neppe vega opp dei krav kommunane blir stilte overfor ved gjennomføring av lova.

Ut frå dette kan vi gje følgjande svar på spørsmål departementet har lista opp:

- 1 Vi går ut frå at antal brukarar vil auka med den rett lovforslaget gir. Det er sannsynleg at auken vil koma så vel blant yngre som blir fanga opp av lovforslaget sine bestemmelse, som blant eldre som ofte har fleire diagnoser.
Skulle auken av hjelp slå til, vil tenesteforholdet lett bli altomfattande frå enkle til meir kompliserte tenester.

Dei økonomiske krav til stat og kommune vil auke.

- 2 Dersom dette ikkje kan gjerast i samarbeid mellom kommune, brukar eller ev hjelpeverje, bør kommunen avgjera saka.
- 3 Også her må det vera muleg å koma med ei omforent løysing. Viss ikkje, bør kommunen avgjera saka.

Klepp kommune, 21.09.2007

Steinar Håland
leiar

Sigfrid Høyland
Sigfrid Høyland
sekr